



Åge Sætre hadde gudstenesta på Skorpo for to år sidan og skal ha det igjen i år. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Soknerådet set søndag Skorpo i fokus og inviterer til ein spesiell og fristande kombinasjon: Først tur på Skorpefjellet og gudsteneste etterpå!

Gudstenesta i juli på Skorpo har vorte ein fast og fin tradisjon, medan ein utflukt til topps ikkje er det. Sist var det guida tur til toppen for to år sidan. Men kanskje blir dette eit fast sommaropplegg heretter?

Det er sokneprest Åge Sætre som har gudstenesta dette året og hvis veret tillet blir den halde utomhus hos Ole Kristoffer Vågen. I dei siste åra har den vore inne på låven.

Turen tidlegare på dagen vil bli leia av ein svært lokalkjend guide, lovar soknerådsleiar Audun Eik. Turdeltakarane vil også få bryne seg på ein rebus, opplyser Marit Langballe, som også lokkar med betasuppe og vaflar på tunet etter turen til topps.

Gudstenesta startar klokka 14 og ikkje 11 eller 12 slik det har vore kunnngjort tidlegare. Båten går difor frå Sandakaien klokka 13.30.

Dei som berre vil vera til stades ved gudstenesta kan satsa på denne skyssen.

Dei som vil vera med på Skorpefjellet kan ta båten som går frå Sandakaien klokka 10.

Av Ola Matti Mathisen



På toppen av Skorpefjellet for to år sidan. (Foto: Ola Matti Mathisen)